

Reistad (gnr. 33)

I sagatid og mellomalder.

Høgt og fritt og vakkert mot Kjølen i bakgrunnen ligger Reistad i Fåberg. Reistad er dertil så tydelig ein gamal gard. Her skal vi fyrst sjå litt på dei alders merker en da dømer etter. Det gjeld fyrst dei mange fortids funn som er registrert frå denne garden.

I alt er det 6 funn og alle frå yngre jernalder, d.v.s.. frå tidsrommet år 800 til 1050.

Det eine av dei er eit av dei største gravfunn i Fåberg.

Ein sit og ser på denne merkelega samling av gamle ting, og det blir etter kvart så tydeleg ein illustrasjon til noko vi eiingong lærde på skulen. Kvar gard var før enda meir enn nå, eit samfunn for seg; men også dette samfunnet måtte verjast mot uvenner og røvarar. Og sjå her, her blant jordfunna frå Reistad er ei lita mengd med våpen. Det er tri spjutspissar av jern, eitt tveegga sverd og to økseblad. Men samfunnet skulle og byggjast ut og bli større og rika; jorda måtte ryddast og dyrkast og hus reisast og haldast vedlike. Og sjå her, blant gravgodset og dei andre funn frå Reistad er arbeidsreiskap av mange slag. Der er stykke av ein jernkjel, og her er stykke av eit sigdblade. Der er en skavkniv og to andre knivar. Her er tong, fil og 2-3 munnbitt. Alt nytuge ting i det daglege strev; men sjå her er og prydelege bronsespenner, 2 stykke, bae av den ovale typen. Kravet om at "auga og vil noko ha", javisst var det der, og så tydeleg alt i den tid.

(Illustrasjon: Fortidsfunn frå Reistad)

Av andre alders merke er gardnamnet. Reistad hører med i den store gruppa av norske gardnamn der fyrste leden er eit manns (eller kvinnenamn) og siste leden er stad i tydinga stad, stelle, plass. Ikkje minst var denne namneskikken svært vanleg her på Austlandet nettopp i yngre jernalder. I alt skal det være kring 2500 gardar som har slike stad-namn. Ein av dei er Reistad i Fåberg. Mannsnavnet var her Reidar, og ein finn namnet skrivi Reidarstadir og Reidhastadha, Reidstad og Reestad før skrivemåten endeleg vart Reistad.

Formen Reidhastadha er brukt om Reistad i erkebiskop Aslak Bolts jordbog. Det er der fortalt at biskop Eskild hadde kjøpt Reidhastadha, eit engeland av dette namnet i Vingrem i Gudbrandzdalom av Brynjulf Gunnarson, og at dette engelandet skulle svara en landsyld på 1 hud. Da biskop Eskild skal ha vore erkebisp fra år 1402-1438, må altså denne handelen med en teig av, eller eit bruk under Reistad, altså være avslutta i den tid. Men da er vi komne minst 528 attende i tida.

I 1570, da denne parsellen av Reistad ved refomasjonen var vorte blitt krongods Biskopløkken, var landskylda omrekna til 2 skinn, 18 mrk. fisk, som seinare vart endra til 3 skinn og 9 mrk, fisk.

Om sjølve hovudbruket Reistad er det derimot fortalt i Poul Huitfeldts jordbog, også frå 1570 åra, at Redestad av skyld 2 huder, 4 kalvskinn i denne tid svarta sin landskyld til "Lille Hammers Annex". Etter det var den samla landskyld av Reistad 2 huder 7 skinn og 9 mrk. fisk, eller omregna i huder og skinn 2 huder og 10 skinn og var ein av dei større "halvgardane" i Fåberg.

Kyrkje- og krongodset Reistad.

I 1577 er gardnamnet i eit kjeldeskrift skrivi Restadt, i eit anna Redestad. Garden vart da framleis rekna for halvgard og betalde ½ mark i Foring og 1 kalvskinn i Godvilje. I skattelista for bygningskatt i 1594 finn ein gardnamnet for fyrste gong skrivi Reistad. Ti år seinare er det i 1604 opplyst at korntiendda av Reistad var 2½ td. som altså svara til ei årsavling av korn på 25 tdr. Av skattemann- frå 1610 går det fram at brukaren på Reistad da heitte Knut, og betalte 1 dlr. i skatt som andre heil- og halvgards bønder ved den utlikninga. Bumerket for Reistad i Knut si tid var elles ei kvadratisk ramme med frie ender, det same som t.d. for Fårråstad i Ringebu. I 1615 var Knut framleis brukar og bygselsbonde på Reistad. Han betalde da "Holding" av bygselen for 2 huder 4 skinn kyrkejord i Reistad, og for "Holding" av ½ hud krongods i "en ødegård Biscopløkken" under Reistad.

Tolv år seinere var i 1627 Ingeborg vorte brukar på Reistad og landskylda på Biskoplykkja var omrekna til 3 skn, 9 mrk. fisk. Reistad av skyld 2 huder 4 skinn låg framleis til Lillehammer kirke, som namnet der er skrivi. Ingeborg var og brukar på Reistad i 1630. Ho svara da leiglendingsskatt med 2 dlr., som t.d. Jon Ovren og Sønnøv Bollung. Fem år seinare var i 1635, var Oluf og Tjøstel vorte brukarar på Reistad, og landskylda er da oppgitt til 2½ hud. 22 år seinare var Oluf åleine brukar på garden, og det er da opplyst at buskapen på Reistad var 1 hest 3 hopper 17 storfe 22 småfe og 2 griser. Oluf var og brukar på Reistad i 1665. Det går da fram at skylda på garden var 3 huder 1 skinn. Vidare er det og fortalt at Oluf da var 64 år gamal, og at han hadde ein son som heitte Knut og som hadde vore soldat og ein yngre son, Paul, som da var soldat. Tenestguten på garden, Arne Arnesen, var enda berre 13 år.

1668 kom den nye matrikkelen med ei mangd nye opplysningar om gardane. Om Reistad er det der fortalt at da var Knut Olufsen vorte brukar. Den samla skylda på garden var da som før 3 huder 1 skinn 9 mrk. fisk, og av dette var en ½ hud og 9 mrk. fisk krongods, og 3 huder 4 skinn var framleis kyrkjegods. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 18 storfe, og korntidenda vart utreidd med 3½ td., som altså svara til ei kornavling på 35 tdr. Det er vidare fortalt at innmarka på garden var god, at det var skog nok til gards bruk, og at det var god sommarhavn til krøtera heime. Endeleg er det og opplyst at Reistad alt da hadde eiga kvern, sikkert i Øyreselva.

Tjugefem år seinare var i 1793 Lars Pedersen vorte gardbrukar på Reistad. Han var da 36 år og var sjølv innført i de militære ruller; andre karar som kunne kallast ut i tilfelle krig var husmannen Ole Syversen, 23 år, og tenestguten Nils Bottolvsen, 16 år.

Lars Pedersen brukte Reistad til han døde i 1722. Ved arveskifte etter han, vart buet utan jordegods verdsett til 230 rd. Arvingane i buet var forutan enka Ragnhild Knutsdtr. dei 10 borna deres. Av desse overtok den eldste sonen, Peder Larsen, som da var 25 år, straks garden. Av dei andre borna vart Kristen Larsen gift med Marit Olsdtr. Smestad, og Ole Larsen kom til Roverud. Av døtrene vart Beret gift med Jens Øvstedal, Anne vart gift med Svein E. Vedum, Guri med Kristen Jongerud, Kari med Ole Bræin, og Kjersti vart gift med Svein Gutu. Gutu var visstnok alt da eit eige bruk under Reistad.

Året etter kom matrikkelframlegget av 1723 med nyare opplysningar om gardane. Om Reistad er det der fortalt at garden ligg i sollia, men er tungbrukt. Jordarten er god, men noko kaldlendt. Garden hadde da fått seter med god hamn. Det var skog nok til brenneved og gjerdefang og utslåtter til 2 lass høy. I alt var høyavlinga i den tid kring 40 lass, og

kornavlinga kring 50 tdr. bygg og to tdr. rug. Husdyrtallet var da 4 hestar, 22 storfe og 34 småfe. Reistad hadde og framleis i Øyreselva, men ho vart nytta berre til eige maling.

Fire år seinare fekk så i 1727 Peder Larsen skjøte på Reistad av skyld 9 skinn – Bispelykkja - , og den 16. juni 1745 feikk han og skjøte på Reistad av skyld 2 huder 4 skn. for kjøpesum 300 dlr. I mellomtida hadde Peder Reistad i 1735 og fått skjøte av ”Knud Olsen Lillerafnum” på plassen ”Kindshoven” av skyld 1 skinn for 144 dr. Dermed var altså Peder Reistad vorte både eigar og brukar av eit samla Reistad med Tjinshaugen, og garden gjekk inn i ei nyare tid.

Reistad i nyare tid.

Den 18 juni 1757 fikk Lars Pedersen_søskenskjøte på grd. Reistad, med Tjinshaugen av skyld 3 huder 2 skinn for 750 rd. Samtidig ga han føderådskontrakt til forelda sine Peder Larsen og Goro Kristensdtr. Den nye brukaren lånte da kjøpesummen 750 rd. av Fåberg kyrkjekasse. Vidare lånte og Lars Reistad 250 rd. av bror sin korporal Kristen Pedersen mot pant i 1 huds skyld i odelsgarden Reistad. Denne obl. vart ellles innfridd og avlyst 1768. I mellomtida var i 1767 død, og det hadde vore arveskifte etter han. Arvebuet utgjorde brutto 1200 rd., men skulda var mest like stor. Arvingane ved skiftet var forutan enka, Sedsel Iversdtr. dei 7 borna i ekteskapet. Av desse var Peder eldst og hadde da fylt 21 år. Anne var 18 år, Iver 16 år, Ragnhild 13 år, Goro 10 år, Randi 5 år og Kristen 3 år. To år seinare var syster til bestefar deres, Marit Larsdtr. Reistad, død, visstnok ugift, og det var skifte etter henne på ”Lille Hammer” som namnet vart skrivi i den tida

I 1776 var det ei litt uvanleg sak føre på sommertinget i Fåberg. Foged Hartmann hadde innstemna Iver Larsen Reistad, som er nemnt ovanfor, og som da var 25 år. Tiltala gjaldt at Iver ”avvigte nyttårsdag på garden Mellum på Brøttum hadde overfalt dragon Peder Olsen Mellum og sønderrevet hans klær”. Saka vart fyrst utsett, men vart så i rettsmøtet 19. juni 1777 referert slik:

”Fogden kontra Iver Reistad.

Avsagt: (Dom innf. i Domsbok nr. 1.føl.4b.)

Ifl. de innstevnte vidner er det riktignok sa at Iver Reistad har revet dragonen Peder Olsen Bergsens trøie i stykker, men om det har skjedd av vrede eller lystighet og vanvare, ved vidnerne ikke. De har ikke hørt om noget ondt dem i mellom. Thi kjennes for rett: Innstevnte Iver Larsen Reistad bør for aktor, Foged Hartmanns tiltale i denne sak fri at være. Omk. oppheves på begge sider.”

Sju år seinare gav i 1784 Iver som da kaller seg Iver Larsen Gutu, skjøte til Jakob Tråseth på grd. Reistad av skyld 2 huder, 6½ skinn og 9 mrk fisk for kjøpesum 1400 rd. Den reduserte skylda på Reistad ved denne handelen skreiv seg sikkert fra at Gutu da alt var skyldsett i frå. Da dette skjøtet også gir fleire opplysningar, tek vi det her med i utskrift.

”Reestad.

Skjøte dat. 20. des. 1783 tingl. 9. oktober 1784. Fra Iver Larsen Reestad til Jakob Johannessen Traaseth på garden Reestad som skylder 2 huder 10 skind og 9 merker fisk med sine til og underliggende herligheter, tilikemed Kindshougen med fiske vand for sum 1400 rd. Dog forbeholder han sig en under gården værende plads Guttue, et stykke aker i øver jordet, et engeland søndenfor pladsen og et stykke i sæterløkken, som i alt skylder 3½ skinn, som fragår gårdens hele skyld, og følgel. blir igjen 2 huder 6½ skinn og 9 merker fisk.”

Den 26. juli 1793 gav Iver Larsen obligasjon til Halvor Olsen Jevne for lån av 199 Rd. mot 2. pr. pant i grd. pl. Gutue av skyld 3 skn. og 1. pr. i debtors løse.

Folketellinga i 1801.

Ved folketellinga i 1801 bodde det etter dette 5 familier på og ved Reistad. Det var:

1. familie:

1. Jacob Johannesen, husbonden, 51 år, 2. Karen Olsdr. (f. Bjerke) kona hans, 50 år, 3. Johannes Jacobsen, son deres, 19 år, 4. Kristen Jacobsen, 17 år, 5. Berit Jacobsdr. 15 år, 6. Anne Jacobsdr., 11 år, 7. Sidsill Jacobsdr., 9 år, 8. Kari Jacobsdr., 7 år, 9. Sønnøv Jacobsdr., 5 år, 10. Ingebor Kistensdr., tenestkvinne, 17 år, 11. Guro Larsdr., tenestkvinne, 45 år, 12. Mari Haagensdr., legdbarn, 11 år.

2. familie:

1. Hågen Kristensen, husmann med jord, dreier, 42 år, 2. Kari Nilsdr., kona hans, 37 år, 3. Kristen Hågensen, son deira, 6 år, 4. Nils Hågensen, 4 år, 5. Marit Hågendsdr., dotter deres, 9 år.

3. familie:

1. Ole Kristensen, husmann med jord, dreier, 44 år, 2. Anne Johannesdr. kona hans, 42 år, 3. Rønnaug Olsdr., dotter deres, 11 år, 4. Johannes Olsen, 2 år, 5. Marit Rasmusdr., enke, innerst, ”ernærer seg ved håndarbeide, 43 år, 6. Lars Larsen, son hennar 9 år,

4. familie:

1. Ole Kristofersen, husmann med jord, 29 år, 2. Sigrid Jakobsdr., kona hans, 25 år 3. Kari Olsdr., dotter deres, 4 år, 4. Marit Olsdr., 3 år, 5. Berte Olsdr., 1 år.

5. familie, på Gutu:

1. Iver Larsen, husbonden, 50 år, 2. Anne Pedersdr., kona hans, 45 år, 3. Peder Iversen, son deres, 21 år, 4. Iver Iversen, son deres, 2 år, 5. Anne Iversdr., dotter deres, 12 år, 6. Ragnhild Iversdr., dotter deres, 7 år, 7. Nils Olsen, tenestkar, 41 år 8. Sidsill Olsdr., tenestkvinne, 32 år.

Jakob Johannesen Reistad brukte garden til 1811, da han solgte Reistad med Tjins-haugen til son sin Kristen Jakobsen for 2200 rd. Han hadde elles alt i 1810 fått skjøte på odelsretten til grd. Reistad med engelandet Tjinshaugen med fiskevatn for 100 rd.

Til og med Jakob Johannesen, som da gjekk frå borde, hadde Reistad dei tri siste ættleder vore ein barnerik heim. Lars Pedersen Reistad, født 1726, og Sessel Iversdr. Reistad, født Tråset, hadde 8 born.

Andre ættledd: Lars Iversen Reistad, f. 1751, og Ane Pedersdatter Reistad, visstnok frå Ravnum, hadde og 8 born. Sonen deres Tosten Iversen vart gift med Sigrid Halvorsdr. Galtrud, og dotter deres Anne Iversdr. vart gift med Ole Torgersen ved Bleken.

Siste ættled av de tri: Jakob Johannesen Reistad, f. Tråset, og Karen Olsdr. Reistad, f. Bjerke, hadde også 8 born. Av dei vart Johannes Jacobsen Reistad gift med Sigrid Pedersdatter Lille-Ravnum, broren Kristen Reistad vart gift med enka Berte Olsdr. Fryjordet, søstera Beret Reistad vart gift med Amund Halvorsen Holen, Gausdal, søstera Anne Reistad vart gift med Kristen Olsen Lille-Ravnum og søstera Kari Reistad vart gift med Ole Evensen Tølløvsrud.

Kristen Jacobsen Reistad, som var gift med enka Berte Olsdtr. Fryjordet, hadde garden fremdeles i 1819. Han la da fram ei synfaring- og skjønnsforretning over saga si, Reistadsaga i Øyreselva, som altså da var bygd og kome i bruk. Av andre kjelder går det elles fram at Reistad framleis var ein av de større gardane i Fåberg. Buskapen t.d. var i denne tida 6 hestar, 32 storfe og 20 småfe, og kornavlinga på Reistad var da årleg ca. 100 tdr.

I 1838 var Kristen Jacobsen framleis brukar på Reistad. Namnet på garden vart da i den nye matrikkelen skrivi Reidstad med Gutu, og matr.skylda var omrekna til 14 skyld-daler 4 ort. Kristen Reistad var som før nemnt gift med Berte Olsdtr. Fryjordet, og dei hadde 4 born i ekteskapet. Det var Johan, som var født i 1811, Ole, født 1814, Kristian, født 1816 og Kristine, født 1821.

Ved jordbrukstellinga i 1865 er det oppgitt at Reistad hadde eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på tilsaman 559 mål, og av dette var 124 mål jord av 1. klasse. Same året var buskapen på sjølve Reistad 6 hestar, 19 storfe og 34 småfe, dertil var det samtidig på husmannsplassane under Reistad tilsm. 16 storfe og 39 småfe.

Da den nye matrikkelen kom i 1865 og gardene fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld, vart Reistad med Gutu tildelt gardsnr. 33 med ei samla matr.skyld på 17,58 mark. Det var elles alt da to bruksnr. under Reistad. Gr.nr. 33, br.nr. 1. Reistad av skyld 17,45 var da overtatt av Edvard Vedum, og br.nr. 2 Skjelbreien skog av skyld 0,13 mark var overtatt av Nils Andersen Roland.

Etter revidert matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Edvard Vedum enke Oline Pedersdtr. Reistad, brukte garden med Bertil Andreassen Øijordet som driftsbestyrer, og statsadvokat Joh. Castberg hadde kjøpt Skjelbreien seterskog.

I denne tida var det enda 5 husmenn på Reistad:

Ole Pedersen Jenssveen hadde Gutu.

Andreas Nilsen med familie bodde på Kallykkjen.

Matias Olsen med familie bodde i Pålssveen.

Edv. Mathiassen med familie bodde i Sletten.

Ole Andreassen bodde i Nybu.

Dessuten var Jakoc Johansen dagarbeider på Reistad og budde i Kolsvebakken.

I 1907 er Andreas Nilsen kalla jordbrukar og hadde kjøpt Reistadbakken (br.nr.3 av skyld 0,33 mark). I 1906 hadde Bernt Mathiasen kjøpt br.nr. 4 Nybu av skyld 0,8 mark.

I 1926 kjøpte Jacob Pålstuen br.nr. 5 Pålstuen av skyld 0,38 mark.

Etter dette var det i 1939 framleis 5 bruksnr. under Reistad:

Eigar og brukar av gnr. 33 br.nr. 1 Reistad med Gutu var da Bertil A. Øijordet, Reistad.

Eigar og brukar av br.nr 3 var Ole Reistadbakken; J. K. Nybu hadde br.nr. 4 Nybu, og Johan Jacobsen var brukar i Pålstuen.

Bertil Reistad, som brukte garden i denne tid, var ein kjent rifleskyttar og tok ei mengd premiar på skyttarstemne. Han var og ein røynd og god elgjeigar og felte mange elgar både på Kjølen og andre stader.

Husværet Tjinshaugen og Hulderholoa.

Både haugen og husværet Tjinshaugen har ingen ting med Kinn eller Kind å gjera. Båe har sikkert fått namnet sitt etter Tjinshaugtjinnnet og burde bli skrivi Tjinshaugen.

Det fyrste vi finn Tjinshaugen nemnt i det materiale vi her har for oss er i juni 1716. Marie Sophie Kaplen let da tinglyse auksjonsskjøtet sitt på plassen Kindtzhaugen av skyld 1 skinn, som før hadde tilhørt oberstløytnant Nicholai Christian Reichwein. Truleg hadde oberstløytnanten budd der under jaktturane sine i Fåberg. Kanskje hadde han også interesse av å eige Hulderholoa i Tjinshaugen. Fire mnd. seinare let elles oberstløytnant Reichwein ei krav på sersjant Sølfest Mortensen og hustru Marie Sophie stort 40 rd. på kjøpet av Tjinshaugen.

Oluf Suttestad og Oluf Larsen Hammer kaverte da for at dei 40 rd. skulle bli betalt med 20 rd. fk. vinter 1717 og resten i 1718.

Kring 10 år seinare gav i 1726 Sølfest Mortensen Sundgården skjøte til Knut Olsen Øijordet på plassen "Kindshoven" av skyld 1 skinn for 130 rd. Ni år seinare kjøpte Peder Larsen Reistad i 1735 "Kindshoven" av skyld 1 skn. ved aksjonsskjøte for 144 rd. Dermed var altså Tjinshaugen kome under Reistad. Ved skifte på Reistad i 1756 vart garden Reistad med "Kindshaugen" av skyld 3 huder 2 skinn verdsatt til 750 rd. I 1785 var matr. skylda på Reistad framleis 3 huder og 2 skinn. Det viser at Tjinshaugen av skyld 1 skinn også da låg til garden.

Som plassen Tjinshaugen låg til, ca. 3 km inne på Kjølen og med store vidder av skog og beiter ikring, vart han tidleg og i lange tider brukt som vår- og høstseter og som ein lugomt overnattingsstad for folk som var ute på jakt, fangst og fiske. For Knut postmann, som budde der ei årrekke, passa det sers godt da ruta hans: Lillehammer-Vingrom-Saksumdalen-Vingrom-Lillehammer gikk like forbi Tjinshaugen.

Blant geologer er Tjinshaugen især kjent for Hulderholoa i Tjinshaugen. Denne holoa er ei av dei største og interessantaste naturlaga bergholoer på lang lei, ja, i heile fylket, skrev overlærer T. N. Holme, og han er trulig den som ennå har kjent ho best. Især i mai 1917 var han der fleire gonger, med hjelpesmen og utstyr som lys og lykter, tau og måleband og granska og målte og fekk teikna skisser av Hulderholoa. - Etter T. N. Holme tar vi her med nokre detaljar om denne merkelege Hulderholoa, som ho blir kalla i bygdemålet.

Fig. I.

Egentlig er det, som ein vil sjå av fig. 1, to ulike holoer med kvar sin inngang som nå ligg ca. 20 m frå einannan, men som eingong i tida sikkert har hørt i hop. Inngangen åt båe hooloom er ganske trong, berre ein $\frac{3}{4}$ til 1 m høg, men vidar seg straks ut lenger inne. Som ein vil sjå av fig. 1 er det den holoa som går mot vest, som går lengst inn i fjellet, og det er nok ho i bygdemålet har fått namnet Hulderholoa. Holoa er mest på som ein lang gang der dei innste 10 m. helder sterkt nedetter. I alt skal lengda på denne holoa vera nærpå 60 m. På fig. 2 vil ein sjå tverrsnittet av holoa. Breidda på gangen skifter, men skal for det meste vera ca. 1 m, og høgda under taket skal vera kring tri m. Holoa som fra inngangen B går mot aust er 10-12 m lang og elles meir uregelrett på form enn den fyrste. I sær er ho høgare under taket.

Det geologisk mest interessante ved Hulderholoa er at det ser ut til å være ei typisk "forkastningsholo". Det er ingen ting som tyder på at vatn har vore med å grove ho ut.

Om alderen på Hulderholoa skriv Holme m.a.: ”da hulen er dannet ved ”forkastning” må dens alder være meget stor. Dens tilblivelse må formentlig føres tilbake til den geologiske oldtid. Taket i avsnitt AB er styrtet inn etter istiden, da det nedraste materiale ikke er dekket av morenegrus og ikke forstyrret av brebevegelser. Taket har altså motstått såvel isskruingen som bretrykket i den store istid.”

Tjinshaugtjinnnet ligger på ca 630 m over havet. Inngangen til Hulderholoa er å finne på ca 750 m o.h. oppe i haugen kring 300 m. vest for Tjinnnet.

At gamle Reistad i Vingrom frå dei eldste tider er ein velkjend stad i bygda, det viser ikkje minst stadsnamnet Reistadhøgda. Det er den søre delen av Kjølén, den skogkleddé åsen mellom bygdelaga Stranna, Vingrom og Saksumsdalen som blir kalla Reistadhøgda.